

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 30.11.20

Vår ref: 2020/1353

Dykkar ref.: 201836801-41

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Langeland (Tysnes) – Otteråi (Austevoll) – kraftleidning mellom transformatorstasjonar

Viser til brev av 29.09.20, med vedlegg, frå NVE om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest visar til vår uttale av 01.11.19 til Norconsult vedkomande val av trasé for sjøkabel mellom Otterå (Austevoll) og Ersvika (Tysnes):

«Ein viser til Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy kor det er registrert område for aktive og passive reiskap i/ved trasé 1.3, ved Otterå. Når det gjeld trasé 1.6 er det registrert gytefelt ved Smievollsen. Det vert òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Det er positivt om kabelen blir lagt i same trasé som eksisterande kablar, då dette ikkje vil beslagleggje nye område på sjøbotn. Ein ser det difor som eit føremon at ein held seg til trasé 1.0. For trasé 1.6, må utlegginga av kabel skje utanfor gyteperioden om våren.

Ein går ikkje i mot sjøkabelen under føresetnad av at det ikkje blir ankringsforbod i området og kabelen blir lagt utan heng. Fiskarane fråskriv seg alt ansvar om ein under fiske ved ei uhell skulle setje fast reiskap i kabelen. Fiskarane må òg få erstatta eventuell skade på fiskereiskap/fisketap.

Kabelen må òg registrerast på sjøkartet. Kablar som ikkje lenger er i bruk må fjernast.»

Ein konstaterar at sjøkabelen er tenkt lagt ut i tråd med Fiskarlaget Vest og Austevoll Fiskarlag sine ønskjer. I tillegg skal eksisterande kabel fjernast. Ein føreset at fjerninga av eksisterande kabel blir gjort på ein skånsom måte, med omsyn til det marine liv, og levert til eigna mottak.



Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Austevoll Fiskarlag
Midthordland Fiskarlag
Austevoll kommune
Tysnes kommune
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.